

# Planprogram

Kommuneplanen sin arealdel

---

Justert etter høyring  
04.03 2025



Fyresdal

## Sidehenvisning

Føremål med planarbeidet .....	1
Rammer og føringar.....	2
Formålet med rulleringa og fokusområde .....	4
Utgreiingar og tema i arealdelen .....	6
Planprosess .....	8

## Føremål med planarbeidet

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og er sett saman av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen er eit strategisk dokument som inneheld satsingsområde og strategiar for kommunen. Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune vart vedteken 22. juni 2023.

Plan- og bygningsloven har krav om at alle kommunar skal ha ein plan som syner samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk i heile kommunen, dette er kommuneplanen sin arealdel. Gjeldande arealdel vart vedteken i 2014. Det har vore stor utvikling innafor arealplanlegging og omsynskrav dei seinare åra og det er behov for ei oppdatering som tar omsyn til denne utviklinga og innarbeider ulike regionale planar i kommunens arealdel. Kommunal planstrategi for Fyresdal kommune 2024-2027, vedteken 25. april 2024, seier at kommuneplanen sin arealdel skal rullerast i løpet av 2024-2025. Det skal også vurderast å rullere kommunedelplan for Fyresdal sentrum samtidig, og innarbeide denne i kommuneplanen sin arealdel.

Føremålet med kommuneplanen sin arealdel er å legge til rette for ei berekraftig utvikling som fylgjer opp satsingsområde og strategiar frå samfunnsdelen. Arealdelen styrer kor ein kan byggje nye bustader, fritidsbustader eller etablere næringsareal. Samtidig skal planen ta omsyn til blant anna klima, naturmangfald og landbruk. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, planføresegner og eit plandokument som utdjupar og grunngjev arealbruken og føresegnene knytt til arealbruken. Eventuell endra arealbruk som leggst inn i arealdel skal konsekvensutgreiast.

Kommuneplanens arealdel skal ha ein tidshorisont på 12 år for å kunne legge ein langsiktig plan

I tråd med plan- og bygningslova § 11-13 skal det utarbeidast planprogram for revidering av kommuneplanen.

Planprogrammet beskriv

- Målsettingar for planarbeidet,
- Føringer for planarbeidet, aktuelle utgreiingstema
- Organisering av arbeidet, opplegg for medverknad, planprosess med fristar og milepælar

## Rammer og føringar

Nasjonale, regionale og lokale føringar sett rammene for kommunal planlegging. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for arealdelen.

### FN sine Berekraftsmål

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 står det at kommunane skal leggje FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla skal fremme ein sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har lagt berekraftsmåla til grunn og valt dei måla som er viktig for dei forskjellige satsingsområda. For kommuneplanen sin arealdel vil desse måla vere dei viktigaste:

- 3 - God helse og livskvalitet
- 6 - Reint vatn og gode sanitærtilhøve
- 7 - Rein energi til alle
- 9 - Industri, innovasjon og infrastruktur
- 11 - Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 12 - Ansvarleg forbruk og produksjon
- 13 - Stoppe klimaendringane
- 15 – Livet på land
- 17 - Samarbeid for å nå måla



## Nasjonale føringer

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)
- Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova
- Kart- og planforskrifta
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova)
- Lov om kulturminner
- Lov om friluftsliv (friluftsløva)
- Lov om jord (jordlova)
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova)
- Lov om skogbruk
- Lov om vassdrag og grunnvatn (Vassressurslova)
- Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd
- Drikkevannsforskrifta
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen
- Rikspolitisk retningsline for universell utforming
- Rikspolitisk retningsline for barn og planlegging (1995)
- **Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)**
- Statlig planretningsline for klima- og energi (2024)
- Statlig planretningsline for arealbruk og mobilitet (2024)
- Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet T- 2/16
- Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging

## Regionale føringer

- Telemarksplanen 2024-2028 – regional planstrategi
- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)
- Regionalplan for samordna areal og transport i Telemark
- Regional vannforvaltingsplan for Agdervannregion
- **Klimaprofil Telemark – Norsk klimaservicesenter**

## Kommunale føringer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2035
- Klimaplan for Fyresdal kommune

## Formålet med rulleringa og fokusområde

Rulleringa av kommuneplanen sin arealdel skal ta omsyn til nye statlege, regionale og lokale føringar, strategiar og retningslinjer.

Erfaringar med arealforvaltning etter gjeldande arealdel tilseier og at det er behov for ei oppdatering for å halde ein rød tråd i saksbehandlingen. Tema som vil ha eit særskilt fokus i denne rulleringa er omtalt under, og er nært knytta til kommuneplanen sin samfunnsdel.

### Planvask

Planvask betyr at kommunen går igjennom eldre reguleringsplanar og byggeområde i kommuneplanen sin arealdel for å sikre at vi har oppdaterte planar. Alle byggeområde i kommuneplanen og alle eksisterande reguleringsplanar vil bli vurdert opp mot ny kunnskap, særleg for tema naturmangfald og klima, men og i forhold til risiko og sårbarheit. Det vil på bakgrunn av oppdatert kunnskap bli vurdert å redusere eller ta ut av planen, byggjeareal og reguleringsplanar som er i konflikt eller som ikkje er realisert 10 år etter vedtak.

### Bustadutvikling

Fyresdal kommune har i kommuneplanen sin samfunnsdel nedfelt at vi skal legge til rette for å skape gode bustader og nærmiljø. Utviklinga skal sikre at livsfaseperspektivet ivaretakast. Vi skal ha tilgjengelege bustadtomter og legge til rette for bustadbygging i grendene.

### Næringsutvikling

Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling ved å tilby næringstomter og legge til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar. Vi skal ta vare på primærnæringane, samtidig som vil legg til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon.

### Fornybareenergi

Kommunen skal legge til rette for fornybareenergi der det er mogleg.

### Omsynssoner

Eksisterande omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel skal kontrollerast mot oppdatert kunnskapsgrunnlag og oppdaterast der det er behov.

## Fritidsbustader

Vidare utvikling av områder for fritidsbustader må sjåast på ut ifrå berekraftperspektivet og ein betre utnytting av infrastrukturen. Legge til rette for vidare utbygging i form av fortetting og utviding av eksisterande områder for fritidsbustader.

## Føresegner

Fullstendig gjennomgang av føresegnene til gjeldande arealdel. Ein opplev at dagens føresegner ikkje dekkjer behovet for å gje ei effektiv saksbehandling med ein raud tråd.

## Utgreiingar og tema i arealdelen

Arealdelen skal greie ut og ta stilling til mange tema, nedanfor følgjer ei liste som peikar på fleire av dei tema som skal vurderast. Samanstilling av alle tema skal gje grunnlag for å finne dei beste løysingane for kommunen, og den utviklinga vi ynskjer den neste 12 års perioden.

### Planområde

Planområdet omfattar heile kommunens areal, kommunedelplan for sentrum blir innarbeid i arealdelen. Utarbeiding av arealrekneskap for planområdet.

### Miljø og klima

- Naturverdiar og biologisk mangfald
- Villrein (Heiplanen og Våmur Roan)
- Verneområde
- Myr
- Klimagassutslepp
- Berekraftig utvikling
- Forureining/støy
- Energibruk/fornybar energi
- Estetikk og landskapstilpassing

### Friluftsliv

- Rekreasjonsområde
- Samanhengande tur- og skiløyper sikrast
- Universell utforming av tilretteleggingstiltak
- Sti og løypeplanar som er vedtatt for Birtedalen og Våmur bør knytast opp mot føresegner for områda.

### Landbruk og jordvern

- Dyrkamark
- Kulturlandskap
- Støylar
- Driftshytter

### Vassdrag og vassdragsnære område

- Byggjegranser vatn/vassdrag
- Vassdragsvern
- Småkraftverk

## Born og unge

- Oppvekstmiljø.
- Aktivitetsområde
- Trygg skuleveg.

## Infrastruktur

- Kommunale vegar
- VA-anlegg
- Reint drikkevatt
- Parkering knytt til turmål
- Mjuke trafikantar

## Risiko og sårbarheit

- Liv og helse
- Samfunnstabilitet
- Natur og miljø
- Materielle verdier

## Samfunnsutvikling

- Tettstadutvikling (Universell utforming)
- Bustadutvikling (sentrumstomter, spreidd busetting i grendene)
- Næringsareal
- Fritidsbusetting (satsingsområde)
- Turisme
- Kulturminne og **kulturmiljø**

## Planprosess

### Kriterium for vurdering av innspel

Det vil ved varsel om oppstart av planarbeidet vere høve til å kome med innspel til arealbruken i kommunen. Varsel om oppstart sett avgrensing for kva tema det kan gis innspel om. Alle innspel vil bli vurdert etter fastsette kriterium, som og vil bli nytta ved planvask av eksisterande områder.

### Kriterium

- Naturmangfald, oppdatert kunnskap
- Dyrka/dyrkbar mark
- Myr
- Verneområde
- Villrein
- Avstand til vassdrag
- Landskapstilpassing
- Kulturminne
- Naturfare
- Tilkomst
- Infrastruktur
- Evt. Andre relevante tema
- 

### Metode for siling

Det vil bli etablert ei matrise der alle innspel blir ført inn. Der vurdering mot kriteria avdekkjer konflikta vil graden av konflikt og moglegheit for eventuelle tilpassingar av innspelet bestemme om innspelet blir vurdert vidare.

### Organisering

Prosjekteigar: Kommunestyret, vurderer og vedtek planen

Styringsgruppe: Hovudutval for plan og miljø (PM-utvalet)

Prosjektansvarleg: Kommunedirektøren

Prosjektleiari: Kommunalsjef plan og teknikk

Prosjektgruppe: Tverrfagleg samansett administrativ gruppe samt innleia konsulent. Grappa vil bestå av ein kjerne med faste medlemmer og deltakare som deltek avhengig av tema.

Arbeidet med arealdelen vil vere tema på kommunedirektørens leiarmøte og denne grappa vil fungere som ei administrativ ressursgruppe som kjem med råd og innspel til prosjektgrappa i planprosessen.

PM-utvalet vil bli nytta som ei politisk rådslagingsgruppe og vil få høve til å kome med innspel og råd undervegs i planprosessen. Det vert lagt opp til jamlege orienteringar for planutvalet. Ut i frå dei ulike arealbrukstema kan det vere aktuelt å sette ned eigne referanse grupper og arrangere temamøte for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktørar.

I høyringsperioden vil forslag til planprogram særskilt leggjast fram for representant for born og unge, Ungdomsrådet, Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, samt andre kommunale einingar.

### Framdriftsplan

Aktivitet	Dato
Handsaming av planprogram i hovudutval for plan og miljø	19.11.2024
Høyring og offentleg ettersyn av planprogram, samt varsel om oppstart med moglegheit for innspel, Høyringsfrist 6.veker	05.12.2024 - 10.02.2025
Stadfesting av planprogram i kommunestyret	27.03.2025
Oppnemning av prosjektgruppe	Mars-april.-25
Vurdering og konsekvensutgreiing av innspel	April-juli -25
Utgreiing og utarbeiding av planframlegg	April-juli -25
Handsaming av planforslag til høyring	Sept. -25
Høyring av planforslag inkl. ope møte, høyring 6.veker	Sept-okt.-25
Revidere planen etter høyringa	Okt.-nov. -25
Vedtak av planen i kommunestyret	Des.-25

### Medverknad

I samband med utarbeiding av arealdelen vil det bli gjennomført eit breitt og omfattande opplegg for medverknad, der dei fleste grupper blir inventert til å delta.

I høyringsperioden for planprogrammet er det foreslått å nytte «opne kontordagar», der enkeltpersonar kan drøfte eigne innspel til framtidig arealbruk.

I fasen med kartleggingar, utgreiingar og utarbeiding av forslag til ny arealdel, ser vi det som aktuelt med «arbeidsmøte» knytt til ulike tema. Her vil det bli invitert inn aktuelle deltakarar (næringsliv, lag- organisasjonar, politisk, ressurspersonar m.v.) og gjennomført medverknadsprosessar for å få fram gode råd og forslag knytt til ulike problemstillingar. For å få engasjert born og unge kan det vere aktuelt med info/dialogmøte på skulen, eventuelt på junior-/ungdomsklubben.

Når ein har klart eit utkast til ny arealdel vil planforslaget bli tatt med i Regionalt planforum for drøfting med dei regionale høyringspartane. I perioden med høyring av forslag til ny arealdel vil det bli arrangert folkemøte i Fyresdal sentrum. Det kan også vere aktuelt med «opne kontordagar».

Det leggst opp til å gje god informasjon på kommunen si heimeside og facebook.